



Medlemmar i elevrådet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/383 - 14/1536

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

13.02.2014

Referat 1

ELEVRÅDSMØTE 12.SEPTEMBER 2013

MANGER SKULE

Desse møtte:

5.trinn: Marcus og Robin (vara for Julie)

6.trinn: Espen og Anahita

7.trinn: Marte og Daniel S (vara for Marius)

Sak 1: VAL AV ELEVRÅDSLEIAR.

Han skal leia elevrådsmøta, og passe på at referata vert levert til alle klassane før deira klasserådsmøte, og samla inn eventuelle nye sakar frå dei andre elevrådsmedlemmane og gje til Rut

Marius Hopland vart valt (etter to runder med skrifteleg stemming).

Sak 2: AKTIVITETAR ELEVRÅDET ARRANGERER

Dei siste åra har elevrådet stått som arrangør for:

1. leikar på solidaritetsaksjonen (oktober)
2. Karneval fredag før vinterferien (februar)
3. Fotball-turneringa (mai/juni)

I fjor vart det og arrangert eit juleball i desember.

Elevrådsmedlemmane skal til neste møte ta opp med klassen om det er interesse for tilsvarande juleball i år. Dei andre aktivitetane vert slik som før.

Sak 3: FRIMINUTTA PÅ MANGER SKULE

*Friminutt er nesten det same som fritid, og alle skal ha det kjekt i friminutta.

*Rut ønskte å høyre frå elevrådet kva elevane på Manger gjorde på i friminutta, og om det var nok å finne på. Elevrådet hadde mange innspel på gode leikar og spel dei gjorde på .

*Dei vaksne på skulen har dessverre observert at det lett oppstår krangel/ konflikhtar på

fotballbana, og derfor har dei no ekstra vakt/hjelp på bana.

Det har og elevrådet sett, og er einige i at det må vere vaksne tilstade.

Rut vil at elevrådsmedlemmane **minner klassen sin på at dei må snakka med ein vaksen når det oppstår ein konflikt, og høyre med klassen kva konsekvensar det skal vere for den/dei som ikkje følgjer reglar på t.d fotballbana.**

* Det har kome forslag til elevrådet om me kanskje kan innføre elevvaktar i friminutta.

Det er vanleg på andre skular, og det er 7.klasse som har hatt denne jobben.

Marte skal høyre med klassen om det er ein jobb dei kan gjere (to-tre elevar om gongen).

TID FOR NESTE MØTE: Torsdag 26.sept kl. 11.45 i bibliotek-sofaen☺

Ref.: Rut

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Medlemmar i elevrådet

Internt Manger skule